



SOGN OG FJORDANE
FONDET

UTKAST

VEDTEKTER

UTKAST

for

Sogn og Fjordane Fondet AS

Vedtekne på generalforsamling den2021.

§ 1 Namn på selskapet

Selskapet sitt namn er Sogn og Fjordane Fondet AS.

§ 2 Føremål

Føremål til selskapet er eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forskning, næringsliv og grunderar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane.

Selskapet skal ved si verksemd ikkje ha til føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk utbytte, og det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet. Eit evt. overskot skal nyttast i tråd med selskapet sitt føremål – eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase.

§ 3 Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i Sogndal kommune.

§ 4 Selskapet sin aksjekapital

Aksjekapitalen er NOK 240.000,- fordelt på 240 aksjar à NOK 1.000,- fullt innbetalt og lydande på namn.

§ 5 Leing

Styret består av 3 til 7 medlemmer etter nærare avgjerd i generalforsamlinga.

Selskapet blir teikna av styret sin leiar og dagleg leiar i fellesskap, eller ein av desse og eit styremedlem.

Alle investeringar som er i tråd med selskapet sitt føremål skal ha $\frac{3}{4}$ fleirtal i styret for å vere gyldig.

Styret kan meddele prokura.

Selskapet skal ha ein dagleg leiar.

§ 6 Generalforsamlinga

På ordinær generalforsamling skal følgjande handsamast:

- 1. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding.*
- 2. Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.*

§ 7 Opplysning/likvidasjon

Ved oppløysing/likvidasjon av selskapet skal eigendelane til selskapet tilkome føremålet til selskapet.

§ 8 Registrering av aksjeeigarar

Aksjeeigarar skal registrerast i aksjeeigarboka.

§ 9 Aksjelova

Elles vert det vist til ei kvar tid gjeldande aksjelov.